

## ØRSKOG HISTORIELAG – KVELDSETE:

# STOR INTERESSE FOR ØRSKOG KYRKJE

Mest 40 personar hadde teke vegen til Kyrkjetorget onsdagskvelden. Ørskog historielag hadde invitert til kveldsete med temaet Ørskog kyrkje 140 år. Litt tilfeldig kanskje, men likevel dette var på dagen 140 år sidan Ørskog kyrkje vart vigsla og teken i bruk - 6. november 1873.

Fleire med tilknytning til kyrkja vår delte på oppgåva med å gje forsamlinga fortid, notid og litt framtid for det som ofte vert kalla Storfjordkatedralen.

Mons Olav Walgermo – godt assistert av kona Ester - ga eit fyldig historisk attersyn samstundes som han ga oss viten om inventar og utstyr i kyrkja. Den førre kyrkja – bygd i 1807 – vart etter kvart for lita. Ho vart seld og sett opp att på Leikong - der ho framleis tener som kyrkje. Nykyrkja ved Osberget romma 800 personar. Ymse endringar har vore gjort – slik at i dag kan om lag 600 få plass i kyrkja vår. Vi fekke vite litt om kyrkjebenkane, vindauga, klokkene i tårnet, døypefonten m.m. Mangt har kome til undervegs desse 140 åra – ofte gjennom gåver og kommunal innsats. Vi kan nemne: Dei vakre smijernslysestakane, prosejonsstav, lysekroner, orgel, stolar og ikkje minst dei vakre glasmåleria framme i koret.

Ester ga oss eit oversyn over gåver og tiltak dei siste 20-30 åra. I stikkords form nemner vi:

Stolar, automatisk brannvarsling, tårnrommet, nytt golv, nytt elektrisk anlegg, måling utvendig, restaurering av glasmåleria, lynvernanlegg, murkant på sydsida, nye takrenner, ny driftsbygning, kyrkjetorget (kjøp og drift), varmeanlegg, lydanlegg, skifertak, utvida kyrkjegard mot aust m.m.

Lars Tore Nærbøvik - leiar i soknerådet - ga oss eit oversyn over aktuelle behov og oppgåver framover. Den store saka er innvending oppussing/måling. Fargeframlegg er no sendt rette instansar for godkjenning. Fargane tek utgangspunkt i fargar frå glasmåleria. Kva med flodbølgefare knytta til Åkneset? Vidare såg Lars Tore ein klar samanheng mellom kyrkja og prestegardshusa.

Soknerådet sitt primære ønske er at det framleis skal vere prestebustad.

Til slutt fekk prost Svein Runde ta oss med inn i ein interessant del av kveldsetet – med utgangspunkt i spørsmålet: Kvifor har vi ei kyrkje og eit kyrkjebygg? Kva er kyrkja? Innhaldet – forkynninga av Guds ord – der gudstenesta er det viktigaste i kyrkjelyden sitt kristenliv. Svein Runde trekte elles dei store linjer frå dei tidlegaste kristne tider – der samling i heimane – med husfellesskap stod sentralt. Nokre teologiske utviklingstrekk fekk vi også innsyn i – der m.a. Martin Luther og reformasjonen i Noreg i 1536, konventikkelpakaten frå 1741, dissentarlova frå 1845 var viktige milepelar Svein stogga opp ved. For å samlast om Guds ord er vi avhenging av kyrkja. Ørskog har i dag ei kyrkje vi kan vere stolte av.

Undervegs denne kvelden vart ord supplerte med ei rekkje bilete knytta til Ørskog kyrkje.

Dei fleste av desse hadde Britt Skjelten teke.

Historielaget takkar alle kyrkja sine folk som saman gjorde denne kvelden til eit kveldsete vi er svært godt nøgde med. Kaffi og litt og bite i og god prat rundt borda høyrer alltid med!

Neste kveldsete – Kyrkjetorget onsdag 4. desember. Her vil vi få presentert laget sitt årsskrift for 2013. Skriftnemnda vil stå for denne samlinga. Vel møtt igjen!

Ragnar Bakken – sekr – ØH -